

April 2024

Landslaget for språklig samling

## Kommentarar til høyringsnotat frå Språkrådet om framlegg til rettskrivingsendringar i bokmål og nynorsk 2024

Landslaget for språklig samling (LSS) er ein av mottakarane på høyringslista for framlegget til rettskrivingsendringar i bokmål og nynorsk 2024. Vi er i hovudsak positive til framlegga i notatet. Endringane vil føre til at rettskrivingsnormene for nynorsk og bokmål blir meir like, som er heilt i tråd med målsettinga til LSS. Ein liten kommentar har vi like fullt. Kommentaren gjeld avsnittet 3.3 *Normering av norvagiserte former* og framlegget om å tillate både *casanova* og *kasanova* i rettskrivinga.

For ordet *casanova* ønsker Språkrådet i tillegg å tillate forma *kasanova*. Opphavet til ordet er etternamnet til den italienske fyrsten Giovanni Giacomo Casanova. Ordet er eit eigennamn som etter kvart har fått ei meir generell tyding, basert på Casanovas ry som forfører eller rundbrennar. Bruken av ordet i dag er knytt til nettopp denne personen og dette ryktet. Ved å tillate forma *kasanova* svekker ein tilknytninga til den historiske personen og omdømet hans og gjer språket mindre fargerikt.

LSS meiner ein skal vere varsam med å endre skrivemåten av importord avleia av eigennamn, særleg når eigennamnet opphavleg skriv seg frå ein person knytt til tydinga av ordet. Andre ord av om lag same type er *celsius*, *mercedes*, *pascal* (eining for trykk) osv.

Språkrådet tar opp nett det same temaet i dokumentet "Retningslinjer for normering av importord". I avsnittet "9.4 Importord fra navn" heiter det: "Man bør være tilbakeholden med å endre termer som er i internasjonal bruk, f.eks. måleenheter, særlig når ordet er avledet av et navn. Eksempler: *becquerel*, *pasteurisere*."

LSS ser helst at ordforma *kasanova* tas ut av framlegget til rettskrivingsendringar 2024.